

Turreglar for Hildre Montessoriskule

- 1. Ansvar for elevar med særskilde behov: Med mindre andre avtalar blir gjort, skal lærar/assistent ha ansvar for dei elevane det gjeld heile turen. Ansvarleg lærar/assistent har ansvar for at utstyr som skal vere med på tur, vert med.*
- 2. På tur går ein vaksen først og sist.*
- 3. Mobiltelefon og telefonliste til foreldra skal vere med. Ansvar: kontaktlærarar*
- 4. Førstehjelpsutstyr skal vere med: Ansvar: Kontaktlærar*
- 5. Innarbeidde rutinar ved oppteljing til og frå. Kontaktlærar tel trinnvis og gir rapport til hovudansvarleg for turen.*
- 6. Ha ei sjekklister over kva som skal vere med på turar med rast.*
- 7. Fordele ansvarsoppgåver på samarbeidsmøte.*
- 8. Alle elevar som dreg på tur må vere med attende til skulen dersom det ikkje ligg føre melding eller anna avtale mellom heim og skule.*
- 9. Alle elevar som skal bade på tur, må ha skriftleg melding (gjerne sms) om at dei får lov til dette.*
- 10. Vi ryddar etter oss.*
- 11. Skulen sine ordens og åtferdsreglar gjeld sjølvsagt på ein kvar tur.*
- 12. Ein tur bør halde seg innanfor den ordinære skuletida.*
- 13. Dagleg leiar organiserer evn delegerer ansvaret for transport.*